

# ÅRSMELDING OG ÅRSREKNEKAP

## 2018



## Innhald

1. INNLEIING .....	3
2. HENDINGAR .....	4
3. FOLKETALSUTVIKLING .....	7
4. LEVEKÅR, FØREBYGGING OG FOLKEHELSE .....	8
5. PLANARBEID .....	9
6. KYRKJA OG FLEIRBRUKSHALLEN .....	9
7. SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	10
8. FOLKEVALDE .....	11
9. SAMFUNNSUTVIKLING OG REGIONALT SAMARBEID .....	11
10. ØKONOMI .....	14
11. INVESTERINGAR .....	18
12. PERSONAL- OG ARBEIDSGJEARPOLITIKK .....	21
13. ADMINISTRASJON OG STAB .....	25
14. FELLESTENESTER .....	26
15. FEDJE SKULE .....	28
16. FEDJE BARNEHAGE .....	30
17. PLEIE- OG OMSORGSTENESTA .....	32
18. LEGETENESTA .....	36
19. FYSIOTERAPITENESTA .....	37
20. FØREBYGGJANDE TENESTER FOR BARN OG UNGE .....	37
21. NAV .....	39
22. TEKNISK .....	39
23. KVALITET OG HELSE .....	40
24. ÅRSREKNESKAP MED VEDLEGG .....	41

## 1. INNLEIING

Det er opplagt for dei fleste at 2018 har vore eit krevjande år for Fedje kommune. På kommunehuset var det i 2016 åtte tilsette utanom rådmannen. I perioden februar 2017 – mai 2018 slutta fem av dei åtte. Den 8. mai 2018 gjorde kommunestyret vedtak om å seia opp rådmannen. Sjølv om talet på tilsette i 2. halvår 2018, var det same som i 2016, vart 2018 eit krevjande år. Når tilsette slutta under den gamle rådmannen, vart ikkje oppgåvene nødvendigvis overført til nye personar. Tilsette har ikkje visst kva ansvar dei hadde, noko som gjer at utviklingsprosessar har stoppa opp, og at me har mista inntekter.

I løpet av hausten har me fått på plass ein organisasjon der dei tilsette veit kva oppgåver dei har i dag – og i morgen. Det har ført til eit meir trygt og stabilt arbeidsmiljø som var heilt påkravd. Ein fare kan likevel vera at ansvarsgrensene kan vera litt vel klare. Det er ikkje alltid opplagt at saker som kjem opp, høyrer heime på eitt bestemt kontor. Mange nye oppgåver krev samhandling frå fleire fagfelt eller einingar. Resultatet er ofte er at dei meir uklare oppgåvene, hamnar på rådmannens bord – at det vert ‘delegerert oppover’. Ein skal ikkje sjå bort i frå at ein ny rådmann vil sjå på den administrative organiseringa på nytt og styrkja den overordna styringsdelen.

Slik «utviklinga» går, og slik statleg politikk er, har Fedje kommune store utfordringar framfor seg. Dette har gått inn hjå innbyggjarane våre. Når dei oppdagar at barnefamiliar vurderer å flytta, får dei til ting som romjulstreffet for utflytta feiningar. Innbyggjaren veit at me er avhengige av kvar einaste ein. Men det er likevel nye arbeidsplassar som er hovudutfordringa. I 2018 har kommunen, med ordføraren i spissen, arbeidd med fleire viktige prosjekt. No i 2019 ser me at Feddie Distillery er i ferd med å etablera seg i gamle fryseriet. Me har von om at nye satsingar kan kunngjerast seinare dette året.

Statleg politikk ser framleis ut til å handla om å gjera det vanskeleg å overleva som eigen kommune – også me som har fått stempelet «ufrivillig åleine». Statlege arbeidsplassar vert systematisk bygd ned i dei mindre kommunane, også i ei tid med digital infrastruktur der me på Fedje er like sentralt plassert som i Oslo eller Bergen.

Som det går fram av denne meldinga, har Fedje levert gode og trygge tenester i 2018, trass i støy og uro. Rådmannen opplever eit godt og tillitsfullt samarbeid med dei tilsette sine representantar, og det er innført nye rutinar for persontryggleik (GDPR), avviksystemet vert revidert, og kompetansen er auka i sakshandsamingssystemet/arkiv gjennom kontinuerleg intern opplæring.

Det må likevel slåast fast at det økonomiske resultatet ikkje er godt nok. Budsjettet for 2018 hadde eit målsett resultat på vel 1 mill. kr. Resultatet vart på om lag **260.000 kr.** Det er for svakt om kommunen skal kunna ta på seg nødvendige investeringar i bygg og anlegg, og stå fram som ein veldriven kommune. Den største enkeltgrunnen til dette er knytt til den såkalla rådmannssaka. Det vert ei viktig oppgåve både for kommunestyret og administrasjonen å vera nøy somme i pengebruken, samtidig som ein er nøy med prioritering av satsingane.

Region Nordhordland og det politiske og administrative samarbeidet som skjer der, er viktig for kommunen vår. Politisk har me ein sterk region med politikarar som har eit stort kontaktnett med sentrale posisjonar i fylkeskommunen, Stortinget og Regjeringa. Dette har vore til stor nytte t.d. i kampen for å få heva U864, men òg andre spørsmål som veg og ferje, kommunale tenester m.m. Mange av dei viktige faglege og administrative nettverka er organisert i regionen. Det gjer at me er fagleg oppdaterte og har felles forståing av utfordingane me har til dagen. Det må òg seiast at mykje av grunnlaget for det tette arbeidet er at Nordhordland har eit omfattande og solid samarbeid innan

IKT. Den digitale infrastrukturen kombinert med innkjøp og bruk av felles fagsystem er gull verdt for oss som kommune.

Fedje er ein øykommune. Fellesskapen som er bygd opp har vore avgjerande for eit godt liv i landsbyen. Fellesskapen vil me trenga òg i framtida. Til hausten vil me få eit nytt kommunestyre og ny rådmann, og innbyggjarane vil få nye utfordringar å hanskast med. Dei gode løysingane vil berre koma etter godt samspel – mellom politikarane der dei meislar ut politikk i lag, mellom politikk og administrasjon der rollene er klare og prega av respekt, og at innbyggjarane vert mobiliserte og teke med på råd. Det vil stilla krav til den enkelte politikar og tilsette, men å vera med på eit lag som innfrikrav me sjølve har sett, er vel berre å gle seg til!

Nils Moldøen  
Rådmann

## 2. HENDINGAR

### Januar

Størjefiskkonferanse i fleirbruksallen. Den fyrste (men langt frå siste) yogahelga vart arrangert på Fedje.

### Februar

Me starta å laga nye brosjyrer til turistsesongen.



### Mars

Me hadde folkemøte med arkitekten Todd Saunders og Trond Amland som vart hyra til å laga reiselivsplan

### April

Vill Urbanisme vart vald ut av referansegruppa som vinnar av beste mogelegheitsstudie til sentrumsplan



### **Mai**

Sola svikta ikkje på 17.mai, der FAU hadde arrangert ein herleg dag for fellesskapet. Me sökte om å bli typisk turiststad slik at Matkroken kunne bli sundagsopen om sumaren - og søknaden vart godkjent

### **Juni**

Jomfrutur Bergen-Fedje. Fylkesordførar og barnekor. Nydeleg ver. Fedje vart vist frå si beste side. Torvutstilling i gamle butikken og ny reiselivsportal ([destinationfedje.org](http://destinationfedje.org)) vart opna. Fiskefestival. Strikkebu.



### **Juli**

Turistar hadde mange tilbod: guiding, sankar, smaleklapping, fyret, fleire etestader og båtar å velja mellom og det var tidenes ver ute.

### **August**

Ny rådmann. Nummer tre i 2018.



### **September**

Kystsogeveker med Small Ship Race. HipHopkurs. Migrasong.

### **Oktober**

Folkemøte i fleng. Om CO2-røyr, Mogelegstudie. Revy. Nye heimesider.



### **November**


Ungdom hjelper eldre i valfaget «innsats for andre» til stor glede.

### **Desember**

«Med hjarte for Fedje»-arrangement i romjula med gløgg og idémyldring - korleis få folk til å flytta heim?




### 3. FOLKETALSUTVIKLING



\*NB! Merk at tidsintervalla ikkje er like.


Tala frå 1998 og framover er ved inngangen til 3.kvartal.

#### Folketalsutvikling, siste tal frå SSB:



## Aldersfordeling

[per 1. januar]



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

Meir informasjon om folketalet på Fedje finn du her: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>

## 4. LEVEÅR, FØREBYGGING OG FOLKEHELSE

### Folkehelsearbeid 2018

Utfordringsbiletet er reflektert i folkehelseoversynet som vart oppdatert i 2018. Det vart òg laga ein kortversjon, og det er etablert ein lokal database med tal og statistikk for nokre av folkehelseindikatorane. Det er eit nasjonalt mål at kommunane byggjer opp ein slik database for å kunne sjå tidsseriar og utvikling over tid. Fedje kommune deltek i KS sitt folkehelsenettverk. For å styrkja folkehelsearbeidet vart rolla som folkehelsekoordinator lagt til rådgjevar kvalitet og helse tidleg i 2019, som òg har gjennomført opplæring i folkehelse for leiarane i 2018. Utfordringa er å få til eit heilsakleg folkehelsetenking både hjå kommunalt tilsette og folkevalde.

### Folkehelseprofil

Fleire menn og meir enn 20 % fleire kvinner enn landsgjennomsnittet er i deltidsarbeid. Ca. 8 % av hushalda i Fedje kommune er låginntektshushald. Sjukefråværet er på landsgjennomsnittet. I fylket er Fedje den kommunen med størst del innbyggjarar med grunnskule som høgaste utdanning (> 24 %), og høgste del eineforsørgjarar (> 25 %) i fylket. Me har lite trafikk, mykje urørt natur og gode turløyper. Ingen kommunale bygg med universell utforming. Me manglar statistiske tal for innbyggjarane sin fysiske aktivitet og kosthald. Utilstrekkeleg talgrunnlag på sosiale helseskilnader. Det er registrert mykje skogflått. Folketalsnedgang og fråflytting er desidert største folkehelseutfordring.



Bilete frå svømmehallen, som vert flittig brukt av born og vaksne.

### Rus og ungdom

Ungdomskontakten SALTO, som er eit lågterskeltilbod for uorganisert ungdom med rus, valds- og kriminalitetsførebyggjande tiltak, er vidareført. SALTO er eit samarbeid mellom sju kommunar i Nordhordland, Knarvik senter, kyrkja, politiet og den vidaregåande skulen i Knarvik.

### Frivillig arbeid

Det vert gjort svært mykje godt frivillig arbeid blant folk på Fedje. Noko skjer organisert i lag og organisasjonar, og mykje skjer blant gode naboar og vene som stiller opp for kvarandre. Det siste kan me naturleg nok ikkje talfesta, men me har ein del andre tal som kan gje eit bilet av aktivitetene. I 2018 fekk kommunen inn søknad om kulturstøtte frå 14 ulike lag og organisasjonar. Desse hadde til saman 934 medlemmer. Ikkje verst for ein kommune med 570 innbyggjarar!

## 5. PLANARBEID

### Helse- og omsorgsplan

Planprogram til helse- og omsorgsplan er ferdig i 2018 og vert lagt ut på høyring tidleg i 2019, som oppstart av sjølve planarbeidet. I planen inngår det delplanar for legetenestene, habilitering og rehabilitering, koordinerande eining, individuell plan og dessutan planar for pleie og omsorg inkludert demensomsorg og psykisk helse. Dette var ein av dei uttrykte målsettingane i rådmannen sitt budsjett for 2018. Mange av desse planane er enten utdaterte eller eksisterer ikkje per i dag. Utfordringa er difor å få sett av tilstrekkeleg med ressursar for å kunne få gjennomført dette arbeidet parallelt.

### Kulturminneplan

Sidan 2014 har det vore jobba med å få laga ein kulturminneplan for Fedje kommune. Ei arbeidsgruppe samt ulike tilsette har vore involvert i arbeidet.

I 2019 har formannskapet sendt planen ut på høyring.

## 6. KYRKJA OG FLEIRBRUKSHALLEN

Etter kyrkjelova § 15 har kommunen mellom anna eit særleg økonomisk ansvar for kyrkja. Dette krev dialog mellom partane, noko som vert styrt av ein avtale om tenesteyting mellom Fedje kommune og Fedje sokneråd. I budsjettprosessen for 2018 var det ingen slik dialog.

Fleir brukshallen er sjølve storstova vår. Her skjer det mykje heile døgeret. Skulen nyttar han til skulekjøkken og kroppsøving og leik, idrettslaget til trening, politiske møte vert lagt til det sosiale

rommet, det same med festar og minnestunder. Leiar i hallstyret har administrert utleiga, teknisk etat har utført vedlikehaldet utan ekstra ressursar, og økonomi har stått for utleige av nøklar til styrkerommet.

Kommunen er ansvarleg eigar av hallen, og det er naturleg at hallstyret rapporterer om drifta og planar slik at kommunestyret får nødvendig kunnskap om stoda. Det er viktig at me òg i framtida har eit styre som er fristilt kommuneadministrasjonen og prega av eldsjeler og frivillig arbeid.



Bilete frå internasjonal matdag i fleirbrukshallen

## 7. SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Fylkesmannen hadde i 2018 tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen. Endeleg tilsynsrapport kom i juni, etter at kommunen hadde hatt høve til å kommentera den førebelse rapporten.

Etter tilsynsrapporten var det to avvik :

- 1) Manglande integrering av arbeidet med beredskap i budsjett, årsmelding og i kommunale planar.
- 2) Øving av den kommunale beredskapsplanen og diverse manglar med planen.

Den kommunale kriseleiinga hadde øving 16. januar i 2019. Dette var det avviket i tilsynsrapporten det vart mest arbeid med å få lukka. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt er det eit krav om øving anna kvart år.

Den 1. april i 2019 var det frist for lukking av avvika. Den 13. februar 2019 fekk me brev frå fylkesmannen der me fekk aksept for måten me hadde lukka avvika på.

## 8. FOLKEVALDE

### **Kommunestyret:**

15 medlemmar: Høgre 5 representantar, Krf 4 representantar, Ap 3 representantar, Frp 2 representantar, 1 uavhengig

I løpet av 2018 har Kristin Handeland (Ap) fått fritak frå alle politiske verv. Gidske Borge (Ap) gjekk inn som fast medlem i kommunestyret.

Kommunestyret har hatt 9 møte og handsama 90 saker.

### **Formannskapet:**

5 medlemmar: Ordførar Stian Herøy (H), varaordførar Roy-Asle Tungland (Krf), Tonje Hernar Gullaksen (H), Bjørn Solbakk (Frp), Gidske Borge (Ap).

Gidske Borge (Ap) gjekk inn som fast medlem i formannskapet etter Kristin Handeland.

Formannskapet har hatt 11 møte og handsama 125 saker.

### **Andre utval:**

Arbeidsmiljøutvalet: 2 møte, 14 saker

Eldrerådet/råd for menneske med nedsett funksjonsevne: 2 møte, 9 saker

Ungdomsrådet: 8 møte, 36 saker

Kontrollutvalet: 5 møte, 37 saker

## 9. SAMFUNNSUTVIKLING OG REGIONALT SAMARBEID

På nasjonalt nivå er kommunen mellom anna tilslutta KS (kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon i Noreg), LNK (Landsamanslutninga av nynorskkommunar), og Øykommune-nettverket.

Fedje kommune er medlem i Bergen og Omland Havnevesen i lag med 11 andre kommunar i Hordaland.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS er eit samarbeidsorgan mellom kommunane Meland, Austrheim, Masfjorden, Fedje, Gulen, Osterøy, Modalen, Radøy og Lindås og er kommunane sitt verktøy på fleire store område. Ikkje minst det omfattande IKT-samarbeidet i regionen som er ein viktig fundament for utvikling og tryggleik for kommunane og innbyggjarane.

Utviklingsselskapet har merkenamnet Region Nordhordland, og er knytt opp til det strategiske organet Regionrådet Nordhordland, samansett av ordførarane i regionen. Dei ni ordførarane utgjer også representantskapet i utviklingsselskapet, medan tre rådmenn utgjer styret. På heimesida <http://www.nordhordland.net/> er det lagt ut meir utfyllande informasjon om kva Region Nordhordland arbeider med.

### **Vidaregåande utdanning**

Korleis framtida vert for Austrheim vidaregåande skule, har store konsekvensar for Fedje og den nordlege delen av regionen. Regionrådet har drøfta nye planar for skulen, og har eit felles mål om at skulen vert ein attraktiv og relevant utdanningsinstitusjon for elevane våre.

### Andre saker

Regionråda handsamar og fattar vedtak i mange saker. I 2018 har mellom anna desse vore opp: IKT Nordhordland, Nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy, Ny nettside i kommunane, Nordhordlandspakken, Møte med hordalandsbenken på Stortinget, Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017 – 2027, Vindkraftplanar i Stølsheimen, Kutt i ferjetilbod/buss- og ferjekorrespondanse, Region Nordhordland helsehus.

### Heving av U-864

Samferdsleministeren var på besøk på Fedje den 27. juni 2018 der han presenterte planane for U-864. Saka ville bli tilført midlar og ein ville iverksetjinga stortingsvedtak.

I statsbudsjettet for 2019 blei det løyvd 30 millionar kroner til ein første fase av ei tildekking. Fedje kommune har sidan ubåten vart funnen i 2003, stått på standpunktet om at ubåten må hevast, og har jobba for fagleg og politisk støtte til dette synet.

Ordførar har engasjert seg i ei gruppe som ønskjer å heva U-864. Denne består for det meste av tilsette ved Universitetet i Bergen der dei sentrale personane har vore Anne Brit Reigstad, Einar Sletten, Mathias Kaiser, Anders Goksøyr og ordføraren. Me har hatt jamlege møte i Bergen, knappe 10 i løpet av hausten.

Gruppa var tidlig samde om at den einaste måten ein kunne vinna fram på var om ein kunne visa at det fagleg sett berre er fjerning av kvikksølvet som er ei haldbar løysing. I ein tidlig fase fokuserte ein på å få internasjonal støtte for våre synspunkt. Det har me fått, både frå Tyskland, Nederland og Canada.

Deretter har ein vore aktive mot eit breitt politisk miljø. Gruppa har vore to gonger på Stortinget for å framlegga våre standpunkt, då hadde me òg med oss blant andre, Lisbeth Stuberg frå aksjonsgruppa på Fedje. Me har blitt godt mottekte på Stortinget som hadde ulike spørsmål og har følgt opp saka i etterkant.

Gruppa har òg vore i kontakt med Kystverket med ulike førespurnader, samt ulike fagmiljø som har gjeve innspel på metodikk for fjerning av kvikksølv. Det har vore ulike møte med fleire stortingsrepresentantar frå ulike parti, fått hjelp frå andre ordførarar i Nordhordland, alt for å klara å skapa mest mogeleg trykk rundt saka.

Eit resultat av arbeidet var at det kom inn ein merknad i statsbudsjettet frå samferdslekomiteen der ein ber regjeringa vurdera om det er kome ny informasjon eller teknologi som tilseier at heving av heile eller deler av lasta, er miljømessig forsvarleg før arbeidet med tildekking blir sett i verk.

Jobben rullar og går enno, men endeleg resultat får me i beste fall til neste årsrapport.



Ubåten som pepperkake. Laga av ungdomskuleelevar ved Fedje skule

## Reiseliv/næringsliv

Det er i hovudsak ordførar som held kontakten med dei verksemde som planlegg nyetableringar på Fedje. Administrasjonen sitt viktigaste bidrag har vore å stilla opp og sikra at dei raskt svar og handsaming på dei spørsmåla dei måtte ha.

Dei som har planar om etablering vil sjølve styra informasjonen om kva planar dei har. Kommunen har dermed ikkje kunna informera i særleg grad om kva som er på gang. I 2019 er det gjort kjent at «Feddie Destillery» avløyser Northern på fryseriet, og er i gang med å montera destillasjonsutstyret. Dei ønskjer å gjera eit større besøkssenter til ein viktig del av etableringa si, men er avhengig av interesse frå andre investorar.

Me har voner til at fleire relativt store prosjekt kan presenterast seinare i 2019.

Reiselivet har teke seg opp dei siste par åra, først og fremst fordi bedriftene våre har satsa og levert kvalitet til gjestane. Dette vart styrka av båtruta Bergen – Fedje – Bergen som gjekk heile sommaren, i tillegg til Hellesøy-båten. Diverre måtte Kafé Losen leggja inn årene ved årsskiftet – mykje fordi sesongen er for kort.

Kommunen si rolle i reiselivssatsinga er å sikra turistinformasjonen, laga og distribuera brosjyrer, og koordinera ulike tiltak som fremjer aktivitet og oppleving. Dessutan vil me gjerne ha ei rolle som samordnar – sikra at aktørane har ein møteplass for planlegging av ny sesong og evaluering når sesongen er over.



Bilete av destinationfedje.com, nettsida for reiseliv på Fedje som vart etablert av administrasjonen i 2018

## Politirådet

Ordførar og rådmann er i møte med lensmannen 1-2 gonger i året der ein går gjennom spørsmål som kriminalitetsstatistikk, førebyggjande tiltak for barn og unge (trafikk, rus, kriminalitet, vald) ofte i samarbeid med kommunale tenester.

Fedje står fram som eit samfunn utan kriminalitet. Mykje kan tyda på at det biletet er feil. Me må nesten gå ut frå at den «usynlege» kriminaliteten - vald mot barn, unge, kvinner, overgrepssproblematikk, kriminalitet knytt til internettet - er relativt sett like vanleg her som i resten av landet. Her har vaksne eit særleg ansvar for å varsle om hendingar som gjev grunn til uro.

## 10. ØKONOMI

	Driftrekneskap - Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
<b>1000</b>	Rådmann	9 780 692,61	7 323 000
<b>1100</b>	Kultur	954 521,65	1 143 000
<b>1200</b>	Bibliotek	738 759,99	825 000
<b>1300</b>	IT-konsulent	1 203 170,62	520 000
<b>1400</b>	Tiltak	1 389 216,60	1 628 000
<b>1500</b>	Miljøvern	-1 420,00	0
<b>2000</b>	Oppvekst og omsorg	1 404 870,20	1 382 000
<b>2100</b>	Fedje Skule	13 260 315,77	13 376 000
<b>2200</b>	Fedje barnehage	3 919 999,19	4 154 000
<b>2300</b>	Fedje sjukeheim	17 555 082,10	17 632 000
<b>2400</b>	Helsestasjon	1 478 817,14	1 546 000
<b>2500</b>	Lege	4 282 403,72	4 059 000
<b>2600</b>	Sosiale tjenester	1 865 930,28	2 738 000
<b>3000</b>	Teknisk kontor	7 239 649,58	6 984 000
<b>3500</b>	Avskrivingar	-3 623 318,00	-3 423 000
<b>4000</b>	Finansiering	-61 448 691,45	-59 887 000
	<b>T O T A L T</b>	0	0

### Ansvar 1000 – Rådmann

Grunnen til at det her er eit meirforbruk på om lag 2,4 millionar skuldast at det her blei betalt ut løn til førre rådmann, konstituert rådmann og ny rådmann. Det har i tillegg kome fleire utgifter til advokatar m.m. Omdisponering av personale har også medført at fleire lønsutgifter har blitt belasta dette ansvaret.

Noko av løna vert dekka inn av mindreforbruk under ansvar 1100 og 1400 og 2600.

Premieaviket 700' lågare enn budsjettert.

### Ansvar 1300 – IT-konsulent

Stort avvik grunna høge driftsutgifter knytta til IKT Nordhordland. Lågare andel investeringar enn budsjettert.

### Ansvar 1400 – Tiltak

Lågare lønsutgifter enn budsjettert (les: ansvar 1000). Utvida båtrute frå Hellesøy gav høgare utgifter enn budsjettert.

### Ansvar 2600 – Sosiale tjenester


Lågare utgifter til barnevern enn budsjettert. Omdisponering av lønsmidlar (les: ansvar 1000)

	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Driftsinntekter</b>		
<b>Brukarbetalingar</b>	3 057 012,62	2 518 000
<b>Andre sals- og leigeinntekter</b>	6 415 890,58	6 163 000
<b>Overføringer med krav til motyting</b>	7 116 106,61	4 097 000
<b>Rammetilskot</b>	42 245 063,00	40 607 000
<b>Andre statlege overføringer</b>	7 081 609,55	3 701 000
<b>Andre overføringer</b>	1 018 108,00	80 000
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	14 768 876,00	16 699 000
<b>Eigedomskatt</b>	2 110 829,00	2 111 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>83 813 577,36</b>	<b>75 976 000</b>
<b>Driftsutgifter</b>		
<b>Lønnsutgifter</b>	46 368 831,92	43 391 000
<b>Sosiale utgifter</b>	10 340 214,77	10 424 000
<b>Kjøp av varer og tenester som inngår i</b>	15 556 907,27	13 610 000
<b>Kjøp av tenester som erstattar</b>	7 680 584,05	5 898 000
<b>Overføringer</b>	4 319 261,69	3 536 000
<b>Avskrivningar</b>	3 623 318,00	3 423 000
<b>Fordelte utgifter</b>	-3 180 573,92	-3 279 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>84 813 908,29</b>	<b>77 003 000</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 018 350,93</b>	<b>-1 027 000</b>
<b>Finansinntekter</b>		
<b>Renteinntekter og utbytte</b>	1 317 341,00	890 000
<b>Gevinst på finansielle instrument</b>	0,00	0
<b>Mottekne avdrag på utlån</b>	0,00	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1 317 341,00</b>	<b>890 000</b>
<b>Finansutgifter</b>		
<b>Renteutgifter og låneomkostningar</b>	628 565,01	761 000
<b>Tap på finansielle instrument</b>	0,00	0
<b>Avdrag på lån</b>	3 027 881,72	1 500 000
<b>Utlån</b>	4 000,00	0
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>3 660 446,73</b>	<b>2 261 000</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-2 343 105,73</b>	<b>-1 371 000</b>
<b>Motpost avskrivningar</b>	3 623 318,00	3 423 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>261 861,34</b>	<b>1 025 000</b>
<b>Driftsresultat %</b>	<b>0,3 %</b>	<b>1,35 %</b>

	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>		
<b>Bruk av tidlegere års</b>	0,00	0
<b>Bruk av disposisjonsfond</b>	170 000,00	0
<b>Bruk av bundne fond</b>	46 994,84	0
<b>Sum bruk av avsettingar</b>	<b>216 994,84</b>	<b>0</b>
<b>Overført til</b>	352.361,06	1 010 000
<b>Dekking av tidlegare års</b>	0,00	0
<b>Avsett til disposisjonsfond</b>	2 204,00	0
<b>Avsett til bundne fond</b>	124 291,12	15 000
<b>Sum avsettingar</b>	<b>478.856,18</b>	<b>1 025 000</b>
<b>Rekneskapsmessig</b>	<b>0,00</b>	<b>0</b>

<b>Resultat</b>	<b>R 2018</b>	<b>B 2018</b>	<b>R 2017</b>	<b>B 2017</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	-1 018	-1 027	-822	-72
<b>Netto driftsresultat</b>	261	1 025	5 323	1 650
<b>Rekneskapsmessig meir /mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Alle tal er i heile tusen




## Gjeldsutvikling

<i>Lån</i>	<i>R 2018</i>	<i>R 2017</i>
<b>Forvaltningslån</b>	<b>3 520</b>	<b>3 829</b>
<b>Midlar for utlån</b>	<b>340</b>	<b>340</b>
<b>Ubrukte lånemidlar</b>	<b>641</b>	<b>641</b>
<b>Lånegjeld inkl. forvaltningslån</b>	<b>35 763</b>	<b>27 741</b>
<b>Lånegjeld per innbyggjar</b>	<b>64</b>	<b>50</b>
<b>% - vis utvikling</b>	<b>28 %</b>	

*Forvaltningslån(startlån). Målretta tiltak for å understøtta privat bustadbygging i kommunen.*

*Diagrammet syner utvikling i fond og gjeld*

Gjeldssituasjonen er tilfredsstillende. Me er på ingen måte i uttakt med utviklinga elles i kommunesektoren. Når det er sagt, er det kommunens betalingsevne som er avgjerande for korleis me må innretta oss. Renter og avdrag må dekkast i drifta. Det har aldri før vore større differanse mellom fond og gjeld.



## Fondsutvikling

<i>Fond</i>	<i>R 2018</i>	<i>R 2017</i>	<i>Kommentar</i>
<b>Bundne driftsfond</b>	<b>2 210</b>	<b>2 187</b>	<b>Kan berre brukast til vedtekne formål i</b>
<b>Ubundne invest.fond</b>	<b>8 435</b>	<b>8 435</b>	<b>Kan fritt brukast til investeringar</b>
<b>Bundne invest.fond</b>	<b>1 013</b>	<b>1 013</b>	<b>Kan berre brukast til vedtekne formål</b>
<b>Dispositionsfond</b>	<b>5 740</b>	<b>10 754</b>	<b>Kan fritt brukast i drift og investering</b>
<b>TOTALT</b>	<b>17 409</b>	<b>22 389</b>	<b>Reduksjon på 21 %</b>

## 11. INVESTERINGAR

Alle tal er i heile tusen.

<i><b>Utgifter</b></i>	<i><b>R 2018</b></i>	<i><b>B 2018</b></i>
<b>Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon</b>	20 535	20 513
<b>Overføringer</b>	844	862
<b>SUM</b>	<b>21 378</b>	<b>21 375</b>
<i><b>Inntekter</b></i>		
<b>Sal av driftsmidler og eigedom</b>	-80	0
<b>Andre salsinntekter</b>	0	0
<b>Overføringer med krav til motyting</b>	0	-53
<b>Momskompensasjon</b>	-844	-862
<b>Statlege overføringer</b>	-4 141	-4 141
<b>Andre overføringer</b>	-6	-100
<b>SUM</b>	<b>-5 071</b>	<b>-5 156</b>
<i><b>Finanstransaksjonar</b></i>		
<b>Avdrag på lån</b>	310	450
<b>Kjøp av aksjar og andelar</b>	257	240
<b>Avsett til bundne fond</b>	0	0
<b>SUM</b>	<b>567</b>	<b>690</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>16 875</b>	<b>16 909</b>
<i><b>Dekka slik:</b></i>		
<b>Bruk av lån</b>	-11 360	-11 360
<b>Mottekne avdrag på utlån</b>	-274	-350
<b>Overføring frå drift</b>	-352	-1 010
<b>Bruk av ubundne investeringsfond</b>	-4 834	-4 189
<b>Bruk av bundne investeringsfond</b>	-54	0
<b>SUM</b>	<b>-16 875</b>	<b>-16 909</b>

Tiltak	Kostnader inkl. mva i budsjett	Kostnader inkl. mva i rekneskapen
<b>Administrasjon</b>		
Eigenkapitalinnskot KLP	240	258
<b>Fellestenester</b>		
IKTNH	250	41
<b>Skulen</b>		
Vøling av elevtoalett på gammeskulen	1 813	1 955
Ny papp og beslag på tak nyeskulen	625	620
Nytt trådlaust nettverk	188	246
<b>Sjukeheimen</b>		
Terrasse på sørsida av bygget	291	317
Ventilasjonsanlegg i gamle delen av bygget	113	110
<b>Kommunalt disponerte bustader</b>		
Kjøp av Mulevegen 3	12 709	12 709
<b>Etablering og oppretthald av eigen bustad</b>		
Avdrag på formidlingslån	100	310
<b>Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak</b>		
Kjøp av tomt	226	226
Sal av tilleggsareal	0	-14
<b>Brannvern</b>		
Garasje bårebil	125	126
Ny mannskapsbil	688	608
<b>Naturforvaltning / friluftsføremål</b>		
Utbetring Nordsjøløypa.	53	153

#### Kommentarar

##### IKTNH:

Gjeld felles investeringar der Fedje får rekning frå vertskommunen Osterøy.

##### Vøling av elevtoalett på gamle-skulen:

Då planlegginga av oppussinga starta i januar 2018, vurderte me det slik at kloakkledningane under kjellargolvet burde undersøkjast før oppussinga starta. Resultatet vart at leidningane måtte fornyast med innvendig foring/strømpe.

I sak 033/18 handsama kommunestyret revidert kostnadsoverslag for prosjektet. Me hadde då fått tilbod på oppussinga. Revidert kostnadsoverslag var på 1 813 000 kr inkl. mva. Kostnaden vart 1 954 000 kr. Av dette gjekk 433 000 kr med til rehabilitering av kloakkledningane.

Ny papp og beslag på tak nyeskulen. Årsak: vasslekkasje. Tilbod vart sendt ut 8/10-18. Formannskapet vart orientert om prosjektet 16. oktober. Tilbodsfrist var 22. oktober. Tekkinga vart gjennomført i november. Kostmaden vart 620 000.

Prosjektet nytt låssystem vart ikkje gjennomført. Pengane vart omdisponert til nytt trådlaust nettverk.

Terrasse på sjukeheimen:

I tabellen står det at terrassen kosta 316 000 inkl. mva. Eit tilskot på 54 000 kr er då trekt ifrå.

Ventilasjonsanlegg i gamle delen av sjukeheimen :

Den 10. april handsama formannskapet sak 018/18. Bakgrunn for saka var ein merknad som vart vedteken av kommunestyret ved handsaminga av budsjettet. Formannskapet sende 10. april saka attende til administrasjonen. Resultat: Bygging av ventilasjonsanlegg starta ikkje. Pengane som er nytta, er brukt til prosjektering av ventilasjonsanlegg.

Kjøp av Mulevegen 3:

Etter budsjettet for 2017, skulle kjøpet vore gjennomført i 2017. Slik vart det ikkje. Mulevegen 3 vart kjøpt i 2018 uten at kjøpet var med i budsjettet for 2018. Summen på 12,7 mill kr er ekskusiv eit tilskot frå Husbanken på 4 141 000 kr.

Kjøp av tomt:

Kommunen selde i 2014 gnr. 168, bnr. 513 i Husøyna. Etter kjøpekontrakten hadde kommunen rett til å kjøpa tomta attende dersom den ikkje var bygd på innan 9/12-16. Formannskapet gjorde i 2017 vedtak om at kommunen skulle nytta denne retten. Kjøpet vart gjennomført i 2018.

Garasje bårebil:

Prosjektet vart noko rimelegare enn rekna med i budsjettet.

Ny mannskapsbil:

Den nye brannbilen vart levert i slutten av oktober i 2018. Kjøpesummen var kjent då budsjettet for 2018 vart vedteke. Når det likevel ikkje er samsvar mellom rekneshap og budsjett, er årsaka at den gamle bilen vart selt for 66.000,- kr. Kommunen betalte 674 000 inkl. mva for den nye bilen. Skatteetaten godkjende bilen som uthyrningskjøretøy. På dette sparte me om lag 100 000 kr i eingongsavgift.

Utbetring Nordsjøløypa:

Budsjettet frå formannskapet var på 250 000. Kommunestyret auka dette til 375 000. Årsaka var at me fekk eit tilskot frå fylkesmannen. Kr 153 000 vart nytta. Dette gav ei lengde med gruslagt sti på 192 meter.

År	Lengde bygd	Kostnad inkl. mva
2011	185 m	87.000
2015	546 m	554.000
2018	192 m	153.000
2019	255 m	
	1178 m	794.000

Av lengda på 546 meter i 2015, er 95 meter bygd i Træsneset.

## 12. PERSONAL- OG ARBEIDSGJEVARPOLITIKK

Årsverk pr.31.12.2018

Sektor/eining	Ansvar	Pr 31.12.2018*	Kommentar
Administrasjonen	1000	6,8	Talet inkluderer flyktningtenesta. Plan og utbyggingssjef ligg under «teknisk». I tillegg til desse årsverka kjem 1 årsverk til ordførar/varaordførar og 1 årsverk til etterlønn rådmann.
Kultur	1100+1200	1,25	
Helsenester	2000	1,8	Inkluderer rådgjevar helse og kvalitet + fysioterapeut
Skulen, skulefritidsordning og vaksenopplæringa	2100	20,7	
Barnehagen	2200	6,1	
Pleie og omsorg	2300	21,4	
Psykisk helse	2400	1,7	
Legetenesta	2500	1	
Kommunalt NAV/ sosiale tenester		Tenesta kjøper me frå NAV Hordaland. Kostnaden for Fedje kommune var opprinnelig 0,25 årsverk her.	Kommunalt NAV/ sosiale tenester
Helsesjukepleiar, barnevern, psykolog, ppt, skatteinnkrevjing, landbrukskontor		Tenestene kjøper me frå nabokommunar.	Helsesøster, barnevern, psykolog, ppt, skatteinnkrevjing, landbrukskontor
Teknisk	3000	3,5	Dette talet inkluderer det meste av reinhald på ulike bygg, utanom skule, barnehage og helsestasjon.
<b>Samla</b>		<b>64,25 årsverk</b>	

\*I denne oversikta har me teke vekk tilsette i permisjon. Desse er framleis tilsett i kommunen, men i dei fleste av desse stillingane går det vikar som er rekna med i årsverka (men det gjeld ikkje alle). Ei anna feilkjelde er langtidssjukemelde, der me får lønna refundert frå NAV, men i lønnssystemet vil det sjå ut som me betalar ut to årsverk.

Dette er prøvd silt ut, men her kan me ikkje garantera tala. Det er difor vanskeleg å seia at talet på årsverk gjev god informasjon om kostnadsutvikling , eller om ei teneste har auka eller avgrensa innsatsen.

### Tenestemål 2018-2021 for personalpolitikken i budsjett 2018

Finn ikkje mål på området i budsjettet for 2018.

Mål i Personalplan for Fedje kommune: Kompetanse, stoltheit, heilskap, samhald

**Omfang:** I 2018 var personalfunksjonen definert til ca 50% konsulent, fram til 01.11.18, då ein i tillegg fekk ca 50% personalleiar.

Personal liste ut 35 stillingar i 2018, og tilsette i 31 stillingar.

Me følgde opp ca 10 langtidssjukemeldingar.

Me fekk på plass oppdaterte rutinar på tilsetjing og permisjon.

Det var 5 drøftingsmøte med HTV på overordna nivå i løpet av hausten 2018, ingen om våren.

### Kompetanse

Fedje har ingen samla kompetanseplan. På grunn av relativt stor utskifting i ein del av personalet og at me har veldig små einingar, er det vanskeleg å føreseie kompetansebehovet framover. Fedje kommune driv likevel mykje etter- og vidareutdanning av sine tilsette, både med å leggja lokalt til rette og ved å sökja på midlar frå statleg hald (gjeld undervisning og helse).

Rektor har teke modul 2 i utdanningsleiing mastergrad (tidlegare tatt modul 1: «Rektorskulen»), og pleie og omsorgsleiar og rådgjevar kvalitet og helse har teke ein mastergradsmodul i helseleiing (tidlegare tatt helseøkonomi).

Me har hatt fleire lærarar på etterutdanning i relevante fag. Barnehagelærar har teke spesialpedagogikk. Barnehagen driv felles etterutdanning med kurs i «Dei Utrulege Åra» (held fram i 2019). I pleie og omsorg har mange tilsette teke etterutdanning med kurs i «Demensomsorgens ABC» og «Velferdsteknologiens ABC».

Våren 2018 var det 2 leiarsamlingar om med tema folkehelse og planarbeid/utviklingsarbeid. Det var 2 leiarsamlingar hausten 2018, med tema budsjett 2019, årshjul for leiarar og nytt organisasjonskart.

### Lærling/praksisplassar

Fedje kommune har 2 lærlingplassar: Ein for barne- og ungdomsarbeidar, og ein for helsefagarbeidar. Om me ikkje har sökjrarar til barne- og ungdomsarbeidar, men fleire på helsefag, kan me i periodar ta inn to helsefagarbeidarlærlingar i staden. Me tek inn både lærlingar med ungdomsrett og vaksne som vil ta fagbrev. I 2018 har me berre hatt ein barne- og ungdomsarbeidarlærling, som har vore i foreldrepermisjon mesteparten av året.

Me tek også jamleg inn elevar som skal ha praksis, særleg innan barne/ungdomsarbeidarfaget (frå Austrheim Vidaregåande).

### Lokale forhandlingar

Det var ingen lokal pott for kap. 4 i 2018. Forhandlingar vart gjennomført for kapittel 3 (leiarar) og 5 (akademikarar) før fristen 1.oktober 2018. Det vart semje med alle arbeidstakarorganisasjonane. Resultatet vart ei gjennomsnittleg auke på 2,38%

### Likestilling og arbeid for å unngå diskriminering

Kommunelova § 48 punkt 5 pålegg kommunane ei rapporterings- og aktivitetsplikt rundt likestilling mellom kjønna og arbeid mot diskriminering av folk på grunnlag av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion, livssyn, funksjonsevne i årsmeldinga.

Fedje kommune har særleg 3 utfordringar på dette området:

Tilgjenge	Tiltak i 2018
Ikkje tilgjenge for rullestol eller folk som er dårleg til beins på kommunehus	Ingen tiltak
Ikkje tilgjenge for rullestol på skulen	Ingen tiltak

Likestilling og arbeid	Tiltak i 2018
84 personar var tilsett i Fedje kommune pr 31.12.18: 14 menn og 70 kvinner. 66% av kvinnene jobba deltid, medan 36% av mennene jobba deltid. Gjennomsnittleg stillingsstorleik var for menn 87%, for kvinner 75%. Særleg to grunnar i arbeidslivet for deltid: 1. I pleie og omsorg er dette heilt naudsynt for å dekke turnus og samstundes jobba 3. kvar helg. Om det å jobba annakvar helg var standard, kunne alle få så stor stilling som dei ønskte (forutsett at dei var kvalifiserte). 2. I skulen heng deltid særleg saman med etter/vidareutdanning, og nye nasjonale krav: Lærarar som ikkje har utdanning i dei faga skulen har behov for.	Har rutine mot uønskt deltid, elles ingen spesielle tiltak.
Tilsette med utanlandsk bakgrunn arbeider i 15% av årsverka i kommunen.	Kontinuerleg tiltak: Det vert arbeidd aktivt med å likebehandla utanlandske søkerar/søkerar med utanlandske namn i tilsetjingsprosesser.
Fedje kommune tilbyr norskopplæring også til dei som ikkje har rettar til det, så lenge me har eit norskopplæringstilbod til dei som har rett på det.	Kontinuerleg tiltak.
Full barnehagedekning – alle som treng det får tilbod, opptak gjennom heile året.	Kontinuerleg tiltak.


Kjønnsbalanse politikk	Tiltak i 2018
I kommunestyret er det 80% menn og 20% kvinner.	Kommunen har ikkje gjort spesielle tiltak. Det er mogleg dei lokale partia har jobba med rekruttering av kvinner spesielt?

### Nærværssarbeid og sjukefråvær

I 2018 hadde me eit samla sjukefråvær på 6,3 %. Det er over vårt lokale IA-mål på rundt 5%. Likevel ein klår nedgang frå 2017, då me hadde det høgste fråværet på 10 år. Generelt sett er det langtidsfråværet – det over 2 månader - som utgjer klart mesteparten av sjukefråværet.

Fråværet har halde seg på eit høgt nivå i pleie og omsorg, men gått ned i resten av organisasjonen. Pleie og omsorg hadde 11,4 % fråvær i 2018, og har hatt over 10 % fråvær også i 2017 og 2015, noko som er ei ny utvikling. Fråværet i helse og sosial som samla teneste var 8,7 % på landsbasis i 3. kvartal 2018, noko som var uvanleg «lågt». 2018 er truleg første gong at Fedje kommune ligg over landsgjennomsnittet i denne sektoren.

Fedje kommune har stort sett hatt eit godt fungerande system for å følgja opp sjukefråvær, og særleg langtidsfråvær. Ansvarslinjene her har vorte noko uklåre i 2018, men dette vert det teke fatt i att i løpet av 2019.




### Arbeidsmiljø og HMT-arbeid

Mykje av det førebyggjande arbeidet innan arbeidsmiljø vart i 2018 knytt opp til oppfølging av tilsyn på vald og trugsmål i pleie og omsorg, og tilsyn arbeidsmiljø for det friviljuge brannmannskapet. I tillegg vart det gjennomført opplæring innan førstehjelp for tilsette og forflytting i pleie og omsorg (løfteteknikk mm), samt 40- timars opplæring i arbeidsmiljø for 2 nye verneombod hausten 2018. Avvikssystemet vart gjennomgått på nytt i 2018, rutinane vart oppdaterte og utdjupa. Vidare arbeid med dette og ny opplæring av alle tilsette vil skje i 2019. Arbeidet med meir utfyllande og lovmessige varslingsrutinar vart starta hausten 2018, og vert ferdigstilt vår 2019.



Den nye brannbilen på plass!

## 13. ADMINISTRASJON OG STAB



Administrasjonen er organisert i samsvar med organisasjonskartet. For å ha eit forum for å avklara saker som kjem opp, samt sikra utvikling på meir strategiske saker, har rådmannen etablert eit forum under namnet «rådmannsgruppa» som har møte kvar måndag. Teknisk sjef, økonomisjefen og leiar for fellestene er med her. Annankvar månad ønskjer me å utvida denne gruppa med einingsleiarane for barnehagen, skulen og pleie og omsorg. I budsjettprosessen og andre høve der rådmannen finn det relevant, kan me samla alle tenesteleiarane til fellesmøte.

I årsmeldinga rapporterer rådmannen frå alle tenesteområda. Dette skjer i samarbeid med tenesteleiarane. Som organisasjonskartet viser, er ein god del tenester levert av Austrheim kommune. Rådmannen registrerer at rapporteringa til Fedje ikkje skjer rutinemessig, men at me no har etablert møteplassar både for samhandling mellom desse og einingane våre, og mellom einingane og rådmannen. Skal me få fullt ut nytte av desse kjøpte tenestene, er det naudsynt at banda til organisasjonen på Fedje vert styrkt gjennom regelmessig kontakt.

Rådmannen har ikkje gjennomført formelle medarbeidarsamtalar i 2018.

Rådmannen er elles med i Arbeidsmiljøutvalet, har faste drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalte, og følgjer opp avviksystemet i kommunen.

## 14. FELLESTENESTER

**Omfang:** 4 heile stillingar frå 01.11.18

**Oppgåver:** Innbyggjartorg, sentralbord, arkiv, postmottak, utleigebustadar, kommunikasjon/heimesider, møtesekretariat, edruskapsvern, kultur m.m.

### Mål i budsjett 2018:

Plan/retningsliner for innsyn	Ikkje gjennomført. Starta opp, men ikkje ferdigstilt.
Innføring av lønnspolitiske retningsliner	Ikkje gjennomført
Oppdatering av delegeringsreglement	Ikkje gjennomført
Oppdatering av personalplan	Ikkje gjennomført. Står i budsjett for 2018, men i følgje strategisk planstrategi skal det først skje i 2019.
Plan for integreringsarbeid	Ikkje gjennomført. Det vart søkt om nokre folkehelsemidlar til integreringsarbeid, men det var ikkje klart kven som skulle følgje det opp. Det vart ikkje laga nokon plan eller sett i gong tiltak, og pengane vart difor tilbakebetalt.
Utsette kulturminneplan.	Gjennomført. Rådgjevar kultur og reiseliv arbeidde med kulturminneplanen sommaren 18, men vart ikkje ferdig til politisk handsaming. Nytt arbeid starta opp att desember 2018, med mål om handsaming i kommunestyret april 19.
Utgreie moglegheiter for kystmuseum og torvmuseum, evt ubåtmuseum	Delvis gjennomført. Det vart gjort undersøkingar rundt kystmuseum, og det er vurdert som ikkje mogleg å få til, sidan Øygarden har kystmuseum frå før. Det er ikkje gjort meir arbeid med torvmuseum/ubåtmuseum, men Fedje kommune hadde ei utstilling sommaren 2018 om torvtaking.
Nye heimesider og intranett	Gjennomført. Fedje kommune har i 2018 samarbeidd med dei andre Nordhordlandsommunane om å bygge nye heimesider. Fedje lanserte nye heimesider 14.11.2018, som ein av dei første kommunane i Nordhordland. Fedje kommune har ikkje intranett. Dei andre NH-kommunane skal tidlegast ha nytt intranett i 2020, det vert ev. første høve til innføring.
Kortare stengetid for biblioteket i sommarferien	Gjennomført, berre stengt ei veke i sommar.
Ny faglitteratur og fleire typar media på biblioteket	Delvis gjennomført. Biblioteket tilbyr utanom bøker: Film, musikk, lydbøker, spel. Biblioteket har ikkje auka innkjøp av faglitteratur, men fjernlåner etter førespurnad. Biblioteket har i 2018 fått oppdatert møtedelen med ny projektor/skerm mm, noko som legg til rette for nytting av andre media på biblioteket.

### Post/arkiv/tenestetorg

Arbeid med oppdatering av Fedje kommune sin arkivplan og digitalisering av det gamle byggesaksarkivet i løpet av 2018. Vert vidareført/ferdigstilt i 2019.

Innføring av digital utsending av brev og digital mottak for Fedje kommune hausten 2018 (SvarUT og SvarInn). Forvalningsrevisjon på post/innsyn i november 2018, fekk bra tilbakemelding i mars 2019. Arkiv har ca 50% stilling. Tenestetorget/postmottak er det vanskeleg å anslå storleiken av, då dette er noko me gjer ved sidan av hovudoppgåvane våre.

## Kultur

I 2018 var det ingen i administrasjonen som hadde definerte kulturoppgåver heile året. Det som vart gjort var i hovudsak knytta til reiseliv og marknadsføring, med ringverknadar til Nordsjøløypa og kulturminne. (Brosjyrar, utstilling gamleposten, destinationfedje.no, skilt, tekst til annonsar, plakatar på Sævrøy mm.) Markering 2.juni i høve jomfrutur til båt, med barnekor og kulturinnslag. Koordinering av Migrasong-konsert i regi av kommune og fylkeskommune, men låg oppslutning med 15 tilskodarar. Hyra inn rimeleg kunstnar til containerar på kaien. Organiserte Hip-Hop workshop. Administrasjonen har og hjelpt ungdomsråd med arrangement. Det vart delt ut 110 000 kroner i kulturmiddlar.



*Containerkunst laga i 2018*

## Flyktningtenesta

Fedje kommune har ved utgangen av 2018 20 overføringsflyktningar busett i vår kommune. 6 vaksne og 14 born, borna er i alderen 0 til 17 år. Flyktningmedarbeidaren er involvert i heile livet deira.

Flyktningmedarbeidaren har kontakt med: skulen, kulturskulen, fastlegar, helsestasjon, NAV, ulike tenester i spesialisthelsetenesta, UDI, politi, arbeidsplassar i kommunen, tannlegar, bankar, sjukehus, PPT, barnevern, psykologar, huseigarar, pasientreiser, skattemyndigheter, lønnskontor, psykisk helse, fysioterapeut, kvalitetsrådgjevar, og ulike frivillige organisasjonar. I tillegg kan det vera heilt andre daglegdagse ting den einskilde treng hjelp til.

16 av flyktningane har denne hausten/vinteren søkt om fornya opphold i Noreg. Det er ein tidkrevjande prosess, grunna mykje papirarbeid og mykje organisering av fleire reiser for den einskilde person. Ynskjer dei i tillegg å søkja om reisepass, må dei reisa minst to gonger til før ein har fått levert søknad.

ar 5 av dei vaksne vore i introduksjonsprogram. Ved utgangen av 2018 er det 3 som er i introduksjonsprogram.


Flyktningtenesta har ca 50 % stilling.

## Kulturskule

I 2017 var det 65 elevar som nyttar seg av tilbodet i revy-, kunst- og musikkskulen. Tala frå 2018 er ikkje klåre før i april, men det var truleg ca 55 elevar . Ved oppstart vårsemester 2019, er det 33 elevar i musikkskulen. Det vart gjeve undervisning i song, piano, blåseinstrument og kunst i 2018, i tillegg til eit samarbeid om dansekurs/hiphop saman med den kulturelle skulesekken og ungdomsrådet. Kulturskulen hadde også tilbod om opplæring innan revy, slagverk, orgel, trekkspel,

gitar og el.bass, men det var ikkje søkjrarar til dette i 2018.

Det var 3 lærarar i kulturskulen i ca 48 % stilling totalt. I tillegg vart det innleidt instruktør innan revy og dans/hiphop. Det er venteliste på undervisning i gitar, song og piano.



*Julie Husa med kopartrykk laga på kulturskule 2018 som kom vidare til landsfinale UKM 2019*

## Bibliotek

Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek med skulen og har eit bra stabilt utlån og besøk. Det er ein auka interesse for biblioteket som møteplass.

Biblioteket lånte ut 2345 bøker i 2017. Tala for 2018 er ikkje klåre enno, men me reknar med at det ligg på omrent same nivå. Dette gjev utlån pr innbyggjar på 4,47 som er blant dei 3 beste i Nordhordland. Snittet i Noreg er på 4,07.

I 2018 sökte biblioteket og fekk støtte frå Nasjonalbiblioteket til innkjøp av klappstolar, sitjeputer, projektor og lerret. Noko som vil vere med på at me i større grad kan ha ulike arrangement og at det er betre eigna til møterom. I 2018 hadde biblioteket 2 kulturarrangement.

Samarbeidet med dei andre 7 NH-kommunane fungerer svært godt og er nyttig for å få til gode bibliotektenester. Koordinatorfunksjonen går på rundgang og i 2018 var det Fedje sin tur til å ha den. Biblioteket har 75% stilling.

## Gjennomførte kompetanse- og utviklingstiltak

- Månadlege kurs i sak/arkivsystemet Websak for leiarar og sakhandsamarar lokalt oktober til desember
- Diverse ekstern- og internopplæring på fellesstener; websak mal, postmottak og rutinar, nye heimesider

## Økonomi

Tenesta fellesstener er ei ny organisering frå 01.11.18 med budsjettmessige endringar først frå 01.01.19, slik at det er vanskeleg å få samla oversikt over økonomien i desse tenestene for heile 2018.

## 15. FEDJE SKULE

### Økonomi

Fedje skule har hatt om lag det same budsjettet å arbeide etter dei seinare åra. Oppgåvene har vore samansette og utfordrande og krev stor grad av fleksibilitet. Skulen får eksterne midlar som dekkjer

det meste at vidareutdanninga for lærarane, det har og vore søkt på og tildelt andre eksterne midlar for opplæringa.

## Årsverk

13,7 stillingar til undervisning. (12,6 i 2017). Totalt 20,7 stillingar.

## Mål i budsjett 2018 – resultat

Skulen var innanfor budsjettet i 2018. Utgiftene var større enn budsjettet, men det var også inntektene.

## Arbeidsmiljø

Skulen har godt arbeidsmiljø med lite sjukefråvær. Det vert halde medarbeidarsamtalar kvart år. Kvart tredje år (sist i 2016) vart det gjort arbeidsmiljøundersøking som ein del av kommunen sin førebyggjande plan. Personalalet samlast om lag ein gong i halvåret utanom arbeidstid for sosialt samvær.

## Elevtalsutvikling

Utviklinga er negativ. Kulla som går ut er større enn dei som kjem inn.

Antal elevar pr. årsverk til undervisning : Det er 7,1 elevar pr årsverk til undervisning (7,3 i 2017)

## Kompetanse

Det pedagogiske personalet på skulen har høg utdanning. Det er ingen utan formell utdanning som no er minimum 4 år. Fleire har mastergrad og dei aller fleste har utdanning ut over 4 år.

## Kvalitet i opplæringa

Det er fokus på dei grunnleggjande dugleikane i opplæringa. I vidareutdanninga for lærarane er det to som tek engelsk, ein som tek matematikk og ein som tek digital kunst og handverk. På ungdomsskulen er kompetansekravet 60 studiepoeng i undervisningsfaga norsk, matematikk og engelsk.

Det er stort fokus på godt psykososialt miljø og auke av sosial kompetanse hjå elevane. Saman med skular, barnevern og PPT i Austrheim har tre lærarar på Fedje skule tatt utdanning som trenarar i programmet Aart. Aart er ein metode for trening i sosial kompetanse og programmet er no i bruk.

Nasjonale prøvar: Få resultat er publisert grunna resultat som ikkje kan publiserast. Internt ser skulen på resultata som forventa.

Grunnskulepoeng: Fedje = 42,3, Hordaland= 42,3, Heile landet = 41,8

Spesialundervisning: Den generelle trenden er at PPT oftare enn før er inne og kartlegg. Dette gjeld særleg på dei lavare tinna. Dette må sjåast i samanheng med tidleg innsats som styresmaktene har hatt særleg fokus på dei siste åra.

## Tilsyn

Skulen har hatt tilsyn frå miljøretta helsevern haust 2018. Skulen er ikkje godkjent. Største avvik her er ikkje tilfredsstillande inneklima og brannvarslingssystem



Bilete av valfag sal og scene 2018

## 16. FEDJE BARNEHAGE

### Økonomi

Positivt avvik - stort 248.805,-

Barnehagen har motteke lønn- og sjukelønnrefusjonar som utgjer eit positivt avvik. Barnehagen har også motteke kompetansemidlar og sørjemidlar som skal nyttast i barnehageåret 2018/2019.

### Årsverk

Våren 2018 hadde barnehagen leigd inn leiari frå Austrheim kommune i ein 50% stilling, som var fordelt på to personar. Barnehagen hadde 100 % pedagog, 180 % assistent og 280 % fagarbeidrar i barnehagen.

Mai 2018 vart det tilsett ny leiari barnehagen som gjekk inn i ein 100 % stilling. Barnehagen hadde framleis 100 % pedagog, 180 % assistent + vikar og 280 % fagarbeidara.

Ved oppstart av nytt barnehageår, midten av august, var årsverka på 100 % leiari, 100 % pedagog, 80 % assistent, 200 % fagarbeidar og det vart søkt om fritak frå utdanningskravet til fagarbeidar 80 % som fungerte som avdelingsleiari ut året. Det var også pedagog i 20 % frå september til desember. Me hadde då til saman 5,8 årsverk i barnehagen.

### Mål i budsjett 2018 – resultat

Haust 2018 har barnehagen hatt som mål at alle dei tilsette i barnehagen skal få den same kompetansehevinga, slik at alle har like føresetningar til verktøy ein kan nytta i det pedagogiske arbeidet.

Det vart bestemt at alle dei tilsette skulle mælda seg på kurset «Dei utrulige åra» i samarbeid med barnehagane i Austrheim kommune. Oppstart av kurset var september 2018.

### Arbeidsmiljø

Fokus på det positive og godt humør gjenspeglar seg i barnehagen. Alle får dra nytte av sine erfaringar og kunnskaper i det pedagogiske arbeidet. Me har fått ein oversikt over ynskjer for barnehagen og ynskjer for kompetanseheving i personalet.

Leiar i barnehagen deltek på nettverkssamlingar med nabokommunane. Kommunane er små og det er nyttig med samlingar der ein kan utveksle idear, samarbeid på tvers av kommunane og framtidssplanar. Leiar deltek også på regional barnehagegruppe som blant anna planlegg og legg til rette for kurs til dei tilsette i barnehagane.

Desember 2018 gjekk barnehagen inn i ein nedbemanningsrosess. Barnehagen hadde for mange tilsette i forhold til årsverk for 2019.

### Barnetalsutvikling - born fødde 2013 – 2018

Barnetalsutviklinga på Fedje er stabil, men er på vei ned. Talet på born som er fødd har vore lågare, men grunna tilflytting har talet gått opp. Dei tilflytta er rekna med i tabellen.

2013	2014	2015	2016	2017	2018
5 barn	6 barn	6 barn	2 barn	4 barn	3 barn

### Dekningsgrad

Alle som søker barnehageplass får tilbod om plass.

Stortinget vedtok ny bemanningsnorm og skjerping av pedagognorma i 2018. Den nye pedagognorma skulle vera innfriid innan 1.august 2018. Barnehagen måtte då søkja om fritak frå utdanningskravet i ein periode på 5 månader. Frå 01. januar 2019 dekka barnehaen den nye norma. Den nye bemanningsnorma skal vera innfriid innan 1.august 2019, og her har barnehagen innfriid det nye kravet, også i 2018.

### Kvalitet

Det vart utarbeida årsplan for barnehagen frå august 2018. Årsplanen til barnehagen byggjer på Rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova. Planen seier korleis barnehagen arbeidar med omsorg, leik, danning, læring og korleis me legg til rette for at fagområda blir brukt i dei ymse gruppene. Avdelingsleiarar planlegg og legg til rette for planar per veke til si avdeling. Kvar månad har barnehagen avdelingsmøte og jamlege personalmøte. Her blir det tatt opp korleis me best kan fullføra måla avdelingsleiar har sett opp, og kven som skal ha dei forskjellige ansvarsområda. Avdelingsleiarane har også ei rutine for å dokumentera arbeidet dei har gjort med korte skriv og rapportar. Dette for å sikra kvaliteten i arbeidet som blir gjort.

Årsplanen vil bli evaluert vår 2019, og tilsette og føresette skal få høve til å påverka planen for neste barnehageår.

Barnehagen har søkt og motteke midlar for at barna kan starta på symjeopplæring allereie i barnehagen. Alle 4- og 5 åringer får symjeopplæring ein gang i veka. Dei som er med i bassenget tar livredningskurs ein gong i året.

### Kompetanse/-heving

Hausten 2018 starta alle dei tilsette i barnehagen på kurset «Dei utrulege åra». Dette er eit kurs som har gitt alle dei tilsette den same grunnmuren til korleis ein kan arbeide strukturert og pedagogisk saman med barna. Ein har fått nye og gode verktøy ein kan nytta i det daglege arbeidet for å sikra kvaliteten i barnehagen. Kurset vil vera ferdig vår 2019, og barnehagen vil då starta på implementering av verktøya i barnehagen. Styrar og pedagog skal delta på DUÅ – workshop for DUÅ rettleiing 2019, slik at me sjølve kan ta oss av vidareføringa av prosjektet.

Prosjektet er gjort i samarbeid med Austrheim og me vil fortsetja med å delta på nettverkssamlingar saman med dei.

### Styrka tilbod

Barnehagen har eit godt samarbeid med PPT Austrheim. Foreldre og tilsette i barnehagen kan søkja råd i spørsmål som gjeld trivsel, utvikling og opplæring for barna. Dersom det er barn som har rett til spesialundervisning eller anna form for styrka tilbod, er det PPT som føretek denne utgreiinga.

### Tilsyn

Barnehagen hadde branntilsyn i barnehagen september 2018. Det vart påpeika mindre manglar som barnehagen har retta opp i.



*Barnehageborn i Fedje barnehage*

## 17. PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

### Økonomi – rekneskap 2018

#### Pleie og omsorg

1. meirforbruk i budsjett på 200 000 kr: overforbruk i pkt.5-7 vert delvis dekka av meirinntekter i pkt. 8-9 og mindre forbruk ved andre poster i budsjett
2. Administrasjon pleie og omsorg: 25 000 kr mindre forbruk
3. Løn til både pleie og omsorg og heimesjukepleie, vert lagt saman fordi rekneskap og budsjett ikkje kan skilja det i budsjettet. Dei tilsette i heimesjukepleien jobbar eigentleg på begge avdelingar (spesielt ved vaktforskyvingar)
4. Behovet for heimesjukepleie er aukande. Sjukeheimen har fullt belegg heile året. Ein pasient som me ikkje kunne ta imot frå sjukehuset grunna plassmangel, utløyste kostnadar.
5. Det har vore eit overforbruk på 650 000 kr. meir enn budsjettet. Årsak: høgt sjukefråvær, høg vikarbruk, tilsett sommarvikar som av andre årsaker vart betalt, men ikkje kunne jobba, innleige via vikarbyrå (dyrt, tilsvara ikkje forventning om arbeidskraft/utdanning/språk, noko som førte til overtid for å sikra forsvarleg drift). På slutten av året arbeidde me mykje med forbetring av turnusen, bemanning av ledige stillingar og oppbygging av vikarpool.
6. Medisinske forbruksvarer har eit forbruk på 50 000 meir enn budsjettet. Årsak: heimetenesta sitt forbruk av materiell til sårstell vart bestilt via sjukeheim, kostnadene var ikkje tatt med i budsjettet.
7. Kjøkkenet har eit meirforbruk på 170 000 kr i matproduksjonen. Grunnen er at budsjettet ikkje er tilpassa prisstiginga og forbruket dei siste to åra. I tillegg kjem auka kostnadar grunna auka matombringning. Omstilling av systemet i midten av året, førte til kostnadsreduksjon med 10 - 15 000 kr per månad ut året og kompenserte delvis for feilbudsjettering.

8. Meirinntekter på 250 000 kr for brukarbetaling (husleige, sjukeheimspllass, heimehjelp, matombringning)
9. Meirinntekter på 370 000 kr for sjukelønsrefusjon
10. Kjøp av forbruksmateriell var budsjettert med 110 000 kr, men ikkje brukt 100 000 kr.
11. Praktisk bistand i heimen. Positiv rekneskap på 80 000 kr. Behovet er stabilt.
12. PU: positiv rekneskap på 110 000 kr.

#### Psykisk helse og dagaktivitetstilbod

- Rekneskapet er innanfor vedtekne budsjettrammer. Behovet er aukande.

#### Årsverk

##### Sjukeheim/heimesjukpleie

Sjukepleiar	5,9
Helsefagarbeidar	7,5
Assistentar	3,5
Kjøkken	2,1
Vaskeri	0,9
PU	2
Praktisk bistand	0,7
Psykisk helse	1,2
Dagaktivitetstilbod	0,4
Sum	24,2 årsverk

#### Mål for pleie og omsorg i budsjett 2018

Kompetanseheving med søkt tilskot for kompetanse og innovasjon, løyvd kr.159 000

#### Mål for psykisk helse i budsjett 2018

Oppretthalda dagaktivitetstilbodet

#### Brukarundersøkingar

Pleie og omsorg: Ingen brukarundersøkingar gjennomført. Oppstart med pårørandemøte hausten 2018. Planlagt oppstart med brukarundersøkingar i løpet av våren 2019.

Psykisk helse: brukarundersøking på tilfredshet gjennomført i 2017. Ny undersøking planlagt for 2019. Fokus på brukarmedverknad heile året.

#### Arbeidsmiljø

##### Pleie og omsorg

1. Blanda bebuar- og brukargruppe (delvis fysiske utfordringar, delvis kognitive utfordringar). Brukartal med kognitiv svikt (demens og liknande) er aukande. Brukargruppa er svært krevjande med stort behov for 1 til 1- oppfølging.
2. 50 %-stilling aktivitør (sjukmeldt, vikarbruk). Stort behov for vidareføring av stilling og aukande behov for å auka stillingsprosent for å gje eit heilsakleg tilbod.
3. Godt arbeidsmiljø, stabil bemanning
4. Utfordringar med sterkt belastning grunna høgt sjukefråvær og ledige stillingar
  - Bemannning av ledige stillingar, omplassering i haust 2018 – med bra effekt (fram til nå)
  - Forflytningskurs for alle tilsette haust 2018 (med hjelp av tilskotsmidlar frå NAV)

5. Internkontrolldokument ukjent for mange tilsette og delvis utdatert
  - Oppdatering avvikshandtering, varsling av kritikkverdige forhold via personalkonsulent vinter 2018
  - Oppdatering av legevisitt og forbetring av samarbeid mellom sjukeheim og lege vinter 2018
  - Oppdatering av internkontrolldokument pågående, del av arbeidet med pålegget frå arbeidstilsynet og forbetring på grunnlag av ny forskrift om leiing og kvalitetsforbetring

#### Psykisk helse

1. Høgt sjukefråvær førte til utfordringar i arbeidsmiljø og drift av tenesta. Det førte også til at målsetting om auka samarbeid og aktivitetar ikkje vart oppnådd.
2. Dagaktivitetstilbod prøvd å integrera i drift med hjartebanken. Lågterskeltilbod. Fullt belegg. Med berre ein tilsett som òg skal delta i vanlig drift, kan det vera utfordrande dersom det er fleire krevjande brukarar.
3. Behov for psykisk helsevern aukande. På sikt må årsverk tilpassast.

#### Sjukefråvær

##### Pleie og omsorg

- 10 % sjukefråvær, fleire langtidssjukmeldte (langtidssjukmeldte som gjekk over i permisjon på grunnlag av arbeidsavklaringspengar er ikkje med i utrekninga)
- hovudårsak til langtidsfråvær: muskel- og skjelettskader, seinverknad av kreftbehandling, psykiske belastningar (ulike årsaker), revmatisme
- hovudårsak til korttidsfråvær: muskel- og skjelettskader, influensa, mage/tarmsjukdom

##### Psykisk helse

- stort sjukefråvær
- ingen vikarpool

#### Kompetansehevingstiltak/utviklingsprosjekt

##### Pleie og omsorg

- tilskot for kompetanse og innovasjon kr.159 000,-
- kompetansehevande tiltak: ABC- opplæring demens (toårig prosjekt, start haust 2017, 14 deltarar) og velferdsteknologi (halvårig prosjekt, 10 fullførte, 12 deltarar), helseleiing (pleie- og omsorgsleiar, rådgjevar for kvalitet og helse)

#### Velferdsteknologi

- deltar i Nordhordlandprosjektet sidan 2017
- arbeidsgruppe har regelmessige møte for å førebu både implementering av teknologi og evaluering i etterkant
- innkjøpsprosess starta i vår 2018 og vart avslutta i januar 2019
- kompetanseheving i personalgruppe (ABC velferdsteknologi, 2 sjukepleiar vidareutdanning «Teknologi i helse og omsorg», vert ferdig til sommar 2019)
- teknologiske reiskapar skal takast i bruk i løpet av 2019

## Tilsyn

### Pleie og omsorg

- 3 skriftlege tilsyn frå Fylkesmannen på pasientbehandling

- 1 sak avslutta
- 1 sak pågående, ventar på resultat
- 1 sak avgjort med oppfølging 1.4.2019

- Arbeidstilsyn med tema Vold og truslar, seks pålegg rund HMS – oversikt over organisering, ansvar og mynde, HMS-kompetanse avdelingssjukepleiar, vald og truslar – rutinar, kartlegging, risikovurdering, tiltak, plan og opplæring, plan for bistand frå bedriftshelsetenesta, svarfrist 1.3.2019

### Nøkkeltal 2018 (KOSTRA) for helse og omsorg

I KOSTRA opererer ein med «helse og omsorg» og me har valt ut relevante nøkkeltal i ein samla tabell her. Som ein ser dekkjer tabellen ulike helse- og omsorgstenester.

Nøkkeltall <sup>1</sup>	Fedje	Kostra 05 <sup>2</sup>	Hordaland	Norge	Modalen	Austrheim
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar (kr)	-	43 362	25 869	26 506	71 103	32 396
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjarar	528,3	491	298,1	288	496,6	336,3
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	-	34,5	30,7	30,8	28,5	26,5
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/helseutdanning (%)	53,5	72,5	74,5	73,7	86,6	78
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenesta (%)	25,5	27,8	31,5	32	24	28,4
Andel brukertilpassa einerom med eige bad/WC (%)	83,3	94,5	73,7	74,5	100	100
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	-	6,1	4,8	4,7	5,4	6,7
Avtalte legeårsvirk per 10 000 innbyggjarar	24,9	16,2	11,1	11,1	26,3	14,2
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar	17,8	12,1	9,1	9,4	26,3	8,3

<sup>1</sup> Tal for utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr innbyggjar, netto driftsutgifter til omsorgstenester, årsverk per brukar av omsorgstenester, andel brukarar av heimetenester 0-66 år, andel innbyggjarar 80 år og over som bur på sjukeheim, utgifter per opphaltsdøgn i institusjon og legetimar per veke per bebuar er ikkje tilgjengelege enno.

<sup>2</sup> Små kommuner med høge bundne kostnader per innbyggjar, middels frie disponibele inntekter.

Nøkkeltall <sup>1</sup>	Fedje	Kostra 05 <sup>2</sup>	Hordaland	Norge	Modalen	Austrheim
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar	90,0	45,6	42,4	45,6	17,6	41,7
Andel nyfødde med heimebesøk to veker etter heimkomst (prosent)	100	92,1	92,2	88,1	33,3	100

Tala seier ikkje noko om det har vore eller er stabilitet i tenestene, om ein har god vikardekning, kva type vaktordning ein har, om dei tilsette er busett i kommunen, kva kompetanse dei har, kva skyssordning ein har osv.. Tala for årsverk pleie og omsorg, fysioterapeut, helsestasjons- og skulehelseteneste og lege tyder på at vi har god dekning og ligg ikkje under for andre kommunar og øykommunar (for eksempel Træna 22 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, Røst 19.3, Hasvik 9.8 og Leka 17.2 – desse tal er frå 2017).

## 18. LEGETENESTA

### Omfang

-Legevakt:

- Legevakt på Fedje
- Nordhordland legevakt
- Fastlegekontoret
- Tilsyn ved sjukeheimen 2 timer i veka
- Helsestasjon-skulehelseteneste
- Kommuneoverlege og samfunnsmedisinsk beredskap
- Ferievikar 3 veker om sumaren

### Økonomi

- Feilføring av pensjon til KLP i 2017 og vanleg auke av vaktgodtgjering 2018 forklarer vekst i utgiftene. Tenestetilbodet er uendra. Utgiftene for kommunen fordeler seg slik jfr budsjett

-Lønn overlege og vikar og vakter Fedje 24/7	1.840.000
-Drift av legetenester (basistilstokt og honorar)	766.000
-Aga og pensjon KLP	448.000
-Overføring andre kommunar og Nordhordland legevakt	1.005.000

### Årsverk

- Fedje kommune har ein lege
- Ved legekontoret er det tilsett kontorhjelp 18 timer kvar veke og reinhald tre dagar i veka

### Mål for legetenesta i budsjett 2018

- Mål for 2018 var å sikre stabile legetenester til befolkninga på Fedje heile året, ha vikardeling om sumaren og saman med resten av helse- og omsorgstenestene ta del i plan- og utviklingsarbeidet.

### Kompetanse-/utviklingstiltak

- Vedlikehalde spesialitet i allmennmedisin
- Trening for akutthjelparane

## 19. FYSIOTERAPITENESTA

### Omfang

Det er 100% stilling som fysioterapeut i Fedje kommune, kor 20 % av stillinga høyrer innunder psykisk helse. Tenester ytt av fysioterapeut i psykisk helse: Bassenggruppe kvar måndag, Turgruppe kvar måndag, trim for små born annankvar torsdag ettermiddag.

Stabil drift og aktivitet med tidvis stor pågang av pasientar fram til oktober, deretter sjukefråvær og gradvis opptrapping. Innsats på førebygging – fallførebyggjande gruppe på vinteren. Eldremarsj i juni.

Tenesta tok i mot 2 fysioterapistudentar frå Høgskolen på Vestlandet i 11 veker- frå januar til mars. God erfaring med dette, spesielt ble tenesta styrka i forhold til førebygging og ekstrainnsats på sjukeheimen.

Motiview-sykkelen som er plassert på sjukeheimen er framleis ein stor suksess. Det vart sett eit mål om å sykla frå Fedje til Nordkapp som vart nådd før året var omme.

**Koordinerande eining** er lagt til fysioterapitenesta. I 2018 vart det gjennomført opplæring av koordinatorar. Det er utarbeidd eit utkast for «plan for habilitering , rehabilitering, koordinator og individuell plan» som skal vidareutviklast.

### Mål for tenesta i budsjett 2018 – resultat

Tenesta overheld budsjettet og grunna sjukemelding på slutten av året og meir brukarinnbetaling enn budsjettet vart det eit solid overskot. Noko av overskotet vart brukt til å kjøpa inn hjelphemiddel til lokalt hjelphemiddellager.

### Nøkkeltal 2018 (KOSTRA)

Diagnose/behandling, re-/habilitering (funksjon 241)	Forebygging helsestasjons- og skolehelsetjeneste (funksjon 232)	Annet forebyggende helsearbeid (funksjon 233)	Institusjoner med heldøgns helse- og omsorgstjenester (funksjon 253)	Administrasjon	Totalt
15	1	10	6	4	36

## 20. FØREBYGGJANDE TENESTER FOR BARN OG UNGE

### Barnevernvakt

Fedje kommune pliktar å ha akuttberedskap innan barnevern. I februar 2017 var det forsøkt etablert eit vertskommunesamarbeid med Bergen barnevernvakt, men saka vart utsett av kommunestyret. Eit nytt framlegg i 2018 med skisse til lokal gjennomføring vart òg utsett. Saka er til vurdering hjå barneverntenesta i Austrheim, og det kjem eit nytt framlegg så snart saksopplysningane ligg føre.

### Psykologteneste

Psykiske helsetenester er retta inn mot menneske med psykiske lidinger og vanskar. Konsekvensar som dette får for den enkelte og deira familie .

Tenesta skal fremje sjølvstende og tilhøyring , samt styrke evna til å meistre eige liv utifrå resursar, ynskjer og mål .

I 2018 har psykolog vore tilsett i 20 % stilling.

## PPT

Fedje kommune har avtale om kjøp av tenester frå Austrheim PPT tilsvarande 10 % stilling pr. år. Dei tek fortløpande saker frå Fedje på linje med Austrheim, og i 2018 vart det ein del fleire timer på Fedje som Fedje betaler ekstra for.

## Helsestasjontenester

Helsestasjon og skulehelsetenesta er som før utøvd på 40% helsesøsterstilling. Leiande helsesøster hadde i 2018 permisjon frå arbeidet på Fedje helsestasjon, og ein har gjennom året hatt vikar tilsett i stillinga. Antall fødslar på Fedje var 4 i 2018. Helsestasjonsarbeidet har gått etter oppsett program og alle faste konsultasjonar er utført, samt ein del ekstraoppfølging. I skulehelsetenesta er alle faste oppgåver utført, det har vore jevn pågang på oppfølgingsaker. Det var 125 stk. som tok influensavaksina som er eit aukande antal.

## HMT arbeidsmiljø

Det har vore meldt inn behov for betring av ventilasjon, oppgradering av kontor og få betre brannsikring.

## Kompetanse og utviklingstiltak

Det har vore fokus på førebygging av vald og overgrep av barn og unge, og innført systematisk som tema i samtalar etter ny nasjonalfagleg retningslinje for tenesta som kom i 2017.

Fedje helsestasjon har fått på plass digital meldingsutveksling i journalprogrammet, slik at ein kan send og motta fødselmeldingar, tilvisingar og epikriser papirlaust.

## Samhandling

Helsestasjonen har gjennom året hatt samarbeid med PPT, barnevern, kommunelege, psykolog, fysioterapeut, flykningkonsulent, skule og barnehage i enkeltsaker. Deltek som før i systematiske ressursteam på skulen der PPT, barnevern, helsestasjon er faste medlemmer utanom skulen.

## Barnevernet

Fedje kommune kjøper barnevernstjenester frå Austrheim kommune. I hovudsak har barnevernet møtedag på Fedje ein dag i veka. Det er i 2018 registrert 10 bekymringsmeldingar som er følgd opp av barnevernet.

Barnevernet i Austrheim og Fedje har i 2018 hatt tilsyn på system og rutinar. For å arbeida med utvikling på desse områda har barnevernet vore knytt til eit tenestestøtteprogram sett i verk av fylkesmannen. Dette programmet er avslutta i 2019, og utviklingsplaner utvikla i programmet er overført til dagleg drift.

Saman med toppleiringa i Austrheim, har òg rådmannen i Fedje vore tett på dette utviklingsprogrammet.

## Psykisk helse

Avdelinga har lågterskeltilbod for fleire grupper: Ungdomskafé på tysdagar kl. 1830 – 2100, småbarnstreff tysdagar kl. 10 – 12, og småbarnstrim annakvar veke på torsdagar kl. 1700 – 1745.

## 21. NAV

NAV er under omlegging. Det nye NAV Vestland har delt den nye regionen inn i 9 mindre område, der Fedje kjem inn under NAV Nordhordland.

I 2018 har ein arbeidd for å få til eit felles NAV-kontor blant dei såkalla randkommunane. Dette gjekk ikkje heilt etter planen. Frå 1.1. 2019 vart NAV Fensfjorden oppretta, med Masfjorden som vertskapskommune. Dette kontoret tek berre for seg dei kommunale NAV-oppgåvane. Målet no er at NAV Stat skal koma inn i NAV Fensfjorden frå 1.1.2020. I 2019 har NAV sagt opp leigeavtalen for Hjartebankjen. Kommunen har sagt seg villig til å låna ut kontor til avtalte møte med enkeltbrukarar.

Det har vore usemje mellom oss og NAV Hordaland om korleis det økonomiske hopehavet i perioden 2015 – 2018 skal gjerast opp.

## 22. TEKNISK

### Økonomi

I 2018 vart det nytta 245 000,- kr meir enn ein hadde til rådvelde.

Det var i budsjettet sett av 642.000 kr i løn og sosiale utgifter til ein planleggar. Det vart ikkje tilsett nokon i denne stillinga. Ein kan ikkje seia at desse pengane er nytta til eit bestemt føremål.

Samla vart det nytta 2,25 mill kr til vedlikehald av kommunale bygg. Dette er 0,1 mill kr meir enn budsjettert. Samla avskrivingar vart 0,15 mill kr høgare enn budsjettert. Samla utgifter til straum vart 0,17 mill kr høgare enn budsjettert.

Budsjett og rekneskap er netttotal. Det vil seia at tala er utgifter etter at inntektene er trekt frå. Budsjettet for ansvar 3000 i 2018, er på 7,0 mill kr. I budsjettet er då inntekter på 5,88 mill kr trekt frå. Inntektene vart 6,12 mill kr.

I budsjettet var det rekna med 180.000 kr i gebyr på byggesak og oppmåling, Vi fekk inn 269.000,- kr i 2018 mot 126.000,- kr i 2017 og 343.000,- kr i 2016.

### Saksmengd :

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Saker i formannskap	8	12	14	9		
Delegerte saker	51	30	27	49	30	30

Tiltak	Status
Bustadttiltak	Frivillig tiltak i kommunal regi. To tilskot vart utbetalt i 2018.
Planarbeid	Arbeid med reguleringsplan for CO2-røyr starta i 2018. Kommunen fekk laga ein sentrumsplan og ein reiselivsplan.
Vassverk	Gebyr for vatn vart sett ned med 15% frå 2017 til 2018. Vassverket gjekk i 2018 med eit underskot på 92 000. Underskotet vart finansiert over sjølvkostfondet.

Kloakk	Kloakk gjekk i 2018 med eit overskot på 57 000. For kloakk er det ikkje sjølvkostfond. Gebyra for kloakk var dei same i 2017 og 2018.
Matrikkelbrev	Det vart laga 6 matrikkelbrev i 2018 mot 4 i 2017 og 11 i 2016.
Kart	
Vedlikehald av bygg, større tiltak	<p><u>Barnehagen</u> : Lydisolering og nye lysarmatur i to rom, 125' + mva. I budsjettet vart det 40' kr til vedlikehald. Det vart nytta 160' + mva.</p> <p><u>Skulen</u> : Det vart nytta 203' + mva til vedlikehald. Det var store utgifter til vedlikehald av dei elektriske anlegga i 2018.</p> <p><u>Sjukeheimen</u> : Det vart nytta 208' + mva til vedlikehald. Største enkelprosjekt var ny ytterdør til terrasse, 80' + mva.</p> <p><u>Kommunale bustader</u> : Det vart nytta 230' + mva til vedlikehald. Delt på 20 bustader som var talet før kommunen kjøpte Mulevegen 3, får vi 11 500 kr + mva pr bustad.</p>
Kaiar	Steinborgkaien fekk skjørt i tre.
Tilsyn	Arbeidstilsynet hadde tilsyn på brannstasjonen i. Kommunen fekk 5 pålegg. Frist for å koma med svar var 1/10-18. Kommunen svarte innan fristen. For 4 av pålegga aksepterte Arbeidstilsynet svaret. Pålegg nr. 5 krev ombygging av brannstasjonen. Dette må gjerast i løpet av 2020.

## 23. KVALITET OG HELSE

### Krisesenter

Fedje kommune har i mange år hatt eit vertskommunesamarbeid med Bergen kommune om krisesenter. Krisesenteret for Bergen og omegn er eit lågterskeltilbod for personar som har vore utsett for vald i nære relasjonar og som trenger vern eller rettleiing. Etter eit tilsyn frå Arbeidstilsynet i juni 2017 med stor kritikk og fleire oppslag i media kom krisesenteret under sterkt press. Bergen kommune har så gjort eit omfattande arbeid med å få opp kvaliteten og å lukka avvika dei fekk frå Arbeidstilsynet. Eit av tiltaka var at Bergen kommune sjølv har overteke drifta igjen. Etter krisesenterlova har Fedje kommune ei særskild plikt til oppfølging og kontroll, noko som ikkje har vorte gjort hittil og som vil vera ein av målsettingane for 2019.

### Parkeringsløyve for forflytningshemma

Løyvet gjev rett til å parkera på offentleg skiltet og reservert parkeringsplass utan å betala avgift, og utan at ein treng å følgja den lengste fastsette parkeringstida. Parkeringsløyve vert gjeve til bilførar eller passasjar som har særleg behov for å finna parkeringsplass i tilknyting til bustad, arbeid og annan aktivitet. Dette er ei teneste som kommunen har overteke frå NAV i 2018. Sakshandsamar er rådgjevar for kvalitet og helse.

### Innføring av målstyring

For å effektivisera verksemdstyringa var ein av hovudmålsettingane i 2018 å skifta fokus frå rein tenesteproduksjon til strategisk målstyring. Det var planlagt å få etablert skreddarsydde prosessar og verktøy for å få integrert strategisk mål- og verksemdstyring i alle prosessar – frå strategi til

planarbeid, implementering, gjennomføring, oppfølging og forbetring. Det vart gjennomført omfattande opplæring og eit tidkrevjande arbeid, som vart stoppa da dåverande rådmann gjekk av.

### **Lærings- og meistringstilbod**

I dei siste fire åra har Fedje kommune vore med på eit felles regionalt prosjekt om lærings- og meistringstiltak. Prosjektet har vore kostnadskrevjande og lite frekventert. Dette prosjektet er gått ut i slutten av 2018, og Fedje kommune er no sjølv ansvarleg for å etablera eit lærings- og meistringstilbod, som er lovpålagt. Dette krev tverrfagleg samarbeid med ulike verksemder, som kan vera krevande i ei tid med mange nye tiltak og mykje endring.

### **Kreftkoordinator**

Fedje kommune har vore med på eit fleirårig prosjekt om kreftkoordinator i regionen.

Kreftkoordinatoren har ikkje prioritert Fedje kommune og var elles lite synleg eller til stades.

Prosjektperioden sluttar i sommar 2019, og Fedje kommune vil då etablera eit eige tilbod med hjelp av kompetente lokale fagpersonar.



*Ny terrasse på sjukeheimen*

## **24. ÅRSREKNESKAP MED NOTAR**

# **REGNSKAP 2018**

## **FEDJE KOMMUNE**



# **INNHOLD**

ØKONOMISKE OVERSIKTER	SIDE 3
OVERSIKT BALANSE	SIDE 6
REGNSKAPSSKJEMA 1A, 1B - DRIFT	SIDE 8
REGNSKAPSSKJEMA 2A, 2B - INVESTERING	SIDE 9
HOVEDOVERSIKTER	SIDE 10



# Økonomiske oversikter 2018

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukertilbetalinger	3.057.012,62	2.518.000,00	2.518.000,00	2.801.777,89
Andre salgs- og leieinntekter	6.415.952,58	6.163.000,00	6.163.000,00	5.941.154,83
Overføringer med krav til motytelse	7.116.106,61	4.097.000,00	4.097.000,00	6.657.397,10
Rammetilskudd	42.245.063,00	40.607.000,00	40.607.000,00	41.878.372,51
Andre statlige overføringer	7.081.609,55	3.701.000,00	3.701.000,00	6.486.221,62
Andre overføringer	1.018.108,00	80.000,00	80.000,00	752.034,00
Skatt på inntekt og formue	14.768.876,00	16.699.000,00	16.699.000,00	13.627.142,00
Eiendomsskatt	2.110.829,00	2.111.000,00	2.111.000,00	2.110.828,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>83.813.557,36</b>	<b>75.976.000,00</b>	<b>75.976.000,00</b>	<b>80.254.927,95</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	46.368.831,92	43.391.000,00	43.391.000,00	44.441.111,69
Sosiale utgifter	10.463.579,28	10.424.000,00	10.424.000,00	10.175.583,81
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	15.556.907,27	13.610.000,00	13.610.000,00	15.098.443,35
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	7.680.584,05	5.898.000,00	5.898.000,00	6.810.660,33
Overføringer	4.319.261,69	3.536.000,00	3.536.000,00	4.256.283,07
Avskrivninger	3.623.318,00	3.423.000,00	3.423.000,00	3.543.474,00
Fordelte utgifter	-3.180.573,92	-3.279.000,00	-3.279.000,00	-3.248.723,90
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>84.831.908,29</b>	<b>77.003.000,00</b>	<b>77.003.000,00</b>	<b>81.076.832,35</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1.018.350,93</b>	<b>-1.027.000,00</b>	<b>-1.027.000,00</b>	<b>-821.904,40</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	1.317.341,00	890.000,00	890.000,00	1.367.869,66
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1.317.341,00</b>	<b>890.000,00</b>	<b>890.000,00</b>	<b>1.367.869,66</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	628.565,01	761.000,00	761.000,00	564.306,65
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	3.027.881,72	1.500.000,00	1.500.000,00	1.227.667,72
Utlån	4.000,00	0,00	0,00	50.000,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>3.660.446,73</b>	<b>2.261.000,00</b>	<b>2.261.000,00</b>	<b>1.841.974,37</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-2.343.105,73</b>	<b>-1.371.000,00</b>	<b>-1.371.000,00</b>	<b>-474.104,71</b>
Motpost avskrivninger	3.623.318,00	3.423.000,00	3.423.000,00	3.543.474,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>261.861,34</b>	<b>1.025.000,00</b>	<b>1.025.000,00</b>	<b>2.247.464,89</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	4.429.490,46
Bruk av disposisjonsfond	170.000,00	0,00	0,00	250.690,94
Bruk av bundne fond	46.994,84	0,00	0,00	69.125,00
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>216.994,84</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>4.749.306,40</b>
Overført til investeringsregnskapet	352.361,06	1.010.000,00	1.010.000,00	2.032.244,83
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	2.204,00	0,00	0,00	4.576.449,46
Avsatt til bundne fond	124.291,12	15.000,00	15.000,00	388.077,00
<b>Sum avsetninger</b>	<b>478.856,18</b>	<b>1.025.000,00</b>	<b>1.025.000,00</b>	<b>6.996.771,29</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>



# Økonomiske oversikter 2018

Økonomisk oversikt - investering	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	79.805,00	0,00	0,00	716.200,00
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	0,00	53.000,00	53.000,00	800.000,00
Kompensasjon for merverdiavgift	843.779,10	862.000,00	1.708.000,00	737.430,17
Statlige overføringer	4.141.000,00	4.141.000,00	0,00	0,00
Andre overføringer	6.000,00	100.000,00	100.000,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>5.070.584,10</b>	<b>5.156.000,00</b>	<b>1.861.000,00</b>	<b>2.253.630,17</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	20.534.716,58	20.513.000,00	7.225.000,00	3.661.933,59
